

### Ljøkaia, kontraktgrunnlag for utføringsentreprise - Vedlegg til kap. 12

#### Fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal:

#### Retningslinjer for prosjektet for å ta i vare antikvariske omsyn

Prosjektet for istandsetting av kaia på Nedre Ljøen har fått tilsegn på tilskot frå statsbudsjettet kap 1429, post 79, istandsetting av kulturminne innanfor verdsarvområdet. Tilskotet er ein del av ei fylkesvis ramme tildelt frå Riksantikvaren. Ein føresetnad for tilskotet er at arbeida blir utført i samsvar med retningslinjer som tek i vare antikvariske omsyn.

#### *Reparasjon av skade på kaia under fjordoverflata:*

Kaia er ikkje svært gamal. Det er avklart med Riksantikvaren at antikvariske omsyn kan vike når det gjeld dei tiltaka som ikkje er synlege over fjordoverflata. Fundamentering og reparasjonar i botnen på kaia kan såleis bli utført med byggemetodar der byggtekniske omsyn er førande. Det viktigaste er å få ei haldbar løysing ut frå grunntilhøva og dei påkjenningar som kaia blir utsett for no.

#### *Istandsetting over fjordoverflata:*

For synlege delar av kaia må det takast antikvariske omsyn i utføringa. Utføring og utsjånad på kaia skal bli vidareført.

Tørrmurane skal vølast, og det øvre skiftet med stein må danne sjølve kaikanten. Stein bør bli brukt opp att så langt det er mogleg. Der det er behov for å bruke ny stein, skal det vere steinar med tilsvarande karakter for best mogleg å føre vidare utsjånaden på kaimurane.

Kaia har hatt betongdekke sidan 1950-talet. Det har vore diskutert eit dekke med steinheller, men fylkeskonservatoren står ei løysing med støypt dekke. Armert betongplate som blir lagt oppå tørrmurane vil ikkje vere akseptabelt. Kaikanten skal vere synleg steinmur. Samanbindande armering og hallhaker ut i muren må etter behov bli lagt inne mellom kaia sine murte kantar.

Eigaren har eit ønske om å sette i stand løypestrengen opp frå kaia. Tilstrekkeleg fundament/forankring for løypestrengen skal vere ein integrert del av kaiprojektet. Pullertar og tekniske installasjonar på kaia, bl.a. vinsj, skal takast med i prosjektet i samsvar med pkt. 3 i rapport 02.01.15 frå Tore Stokke.

#### *Bolverk/ fending:*

Det har vore bolverk/ fending i tre på kaia, og framtidig bruk av kaia gir behov for fenderar på utsida av kaimurane. Fylkeskonservatoren kjenner ikkje til korleis dette har vore utført opphavleg. Entreprisen skal ta høgde for ei enkel fenderløysing. Endeleg løysing skal avklarast med fylkeskonservatoren før gjennomføring. Fending skal utførast i tre som gir god motstand mot fuktskade, men trykkimpregnert materiale vil ikkje bli akseptert.

24.06.15

Helge Aarset  
Kulturavdelinga  
Møre og Romsdal fylkeskommune